



Implenia Norge AS Region Vest Bergen
Pb 173 Lilleaker
0126

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3797 - 14/15804

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2014

Vedtak om avvising og retur av ikkje godtatt søknad om oppføring av anleggsbrakker på gbnr. 1/1 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 293/2014

Bakgrunn

Det vert vist til søknad motteke 13.10.2014 om løyve til oppføring av anleggsbrakker mm. på gbnr. 1/1 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1.

Kommuneadministrasjonen har tidlegare avvist søknad om tilsvarande tiltak på same eigedom, jf. vedtak av 2.10.2014 i DNT-sak 272/2014. Om grunnlaget for avvisinga vert det vist til vurderinga som låg til grunn for nemnde vedtak.

Vurdering

Før kommuneadministrasjonen kan behandle ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde dei opplysningar og den dokumentasjonen som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne tiltaket, jf. pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 5-4 («fullstendig søknad»).

Føreliggjande søknad inneheld – i likskap med søknaden som vart avslått gjennom vedtaket av 2.10.2014 i DNT-sak 272/2014 – så mange og vesentlege manglar at administrasjonen finn grunn til å avvise søknaden. Av vesentlege manglar ved den sist mottekne søknaden kan m.a. nemnast:

- Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla. Gjenparten av nabovarselet inneheld berre opplysningar om ein av naboane, det er ikkje vedlagt kvittering for motteke nabovarsel og fristen for merknadar er enno ikkje gått ut.

- Kommunen har ikkje mottatt gjennomføringsplan eller søknadar om godkjenning av føretak for ansvarsrett tilknytt nokre av funksjonane eller oppgåvene i tiltaket. Administrasjonen registrerer rett nok at Implenia AS er sentralgodkjent for overordna ansvar for funksjonen UTF tom. tkl. 3, men det er altså ikkje søkt om ansvarsrettar for nokre funksjonar eller sendt inn dokumentasjon på at Implenia AS har formal- og realkompetanse i føretaket til å kunne lokalgodkjennast for SØK- og PRO-funksjonane i denne saka.
- Det ligg ikkje føre tilstrekkelege opplysningar om tiltaket si storleik og grad av utnytting.
- Søknaden inneheld ikkje tilstrekkelege opplysningar om påtenkt bruk - t.d. om det er tale om overnatting og kva behov tiltaket utløyer med omsyn til infrastruktur og tekniske krav – utover at det er tale om anleggsbrakker. Det er heller ikkje gitt opplysningar om tidslengda for tiltaket.
- Forholdet til plangrunnlaget er ikkje vurdert gjennom søknaden, m.a. m.o.t. arealformål og byggjegranser mot kommunal- og fylkesveg, og om tiltaket er avhengig av dispensasjon frå lov eller plan. Administrasjonen legg dertil til grunn at den omsøkte plasseringa er i strid med både gjeldande arealformål (LNF) og byggjegranser mot offentleg veg.
- I søknaden er det kryssa av på at tiltaket ikkje får følgjer for eksisterande eller framtidige arbeidsplassar, men på bakgrunn av dei andre opplysningane om tiltaket i søknaden stiller administrasjonen likevel spørsmål ved om dette er tilfellet.

Føreliggjande søknad vert på denne bakgrunn returnert. Før tiltaket kan godkjennast må det sendast inn en ny søknad i samsvar med krava til innhald i pbl. § 21-2 og SAK10 § 5-4. På bakgrunn av dei to søknadane kommunen no har mottatt og avvist i saka, finn administrasjonen grunn til å vise særskilt til dei krav og vilkår som vert stilt for godkjenning av føretak for ansvarsrett gjennom høvesvis pbl. kap. 22 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) kap. 9 – 12.

Vedtak

Meland kommune avviser i medhald av Plan- og bygningsloven §§ 20-1 og 21-2 søknad mottatt 13.10.2014 om løyve til oppføring av anleggsbrakker på gbnr. 1/1. Om grunngevinga for vedtaket vert det vist til vurderinga over.

Søknaden vert på denne bakgrunn arkivert og saka avslutta.

Saka er avgjort administrativt i samsvar med delegert myndighet.

Med heimel i Gebyrregulativ (2014) pkt. 4.7 og 10.2.11 vert gebyr for kommunen si handsaming ettersendt, jf. pbl. § 33-1.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med vedlagte rettleiing, jf. fvl. § 28 flg. Om åtgangen til å klage over fastsett handsamingsgebyr vert det vist til Gebyrregulativ (2014) pkt. 4.13.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak oppføring av kontorrigg - Flatøy E-39
søknad om løyve til tiltak oppføring av kontorrigg - Flatøy E-39

Kopi til:

Statens vegvesen

Mottakere:

Implenia Norge AS Region Vest Pb 173 Lilleaker 0126
Bergen